



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dato: 05.02.2014  
Dykkar ref.:  
Vår ref.: 2014/373-5

## **Melding om vedtak: Haugaland Kraft AS - Nye Etne - Auka produksjon ved kraftverka i Litledalen - Etne kommune**

Vi viser til brev dagsett 30.10.2013 der Hordaland fylkeskommune er bedden om å gje fråsegn til Haugaland Kraft AS si melding om auka produksjon ved kraftverka i Litledalen i Etne kommune.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 30.01.2014 sak 16/2014 følgjande vedtak om fråsegn:

1. Søknaden skal som minstemål følgja mal frå NVE for småkraftverksøknader.
2. Oversiktskart som syner eksisterande kraftverk i området og område med særskilt vern skal vera del av søknaden.
3. Kart med innteikna kraftverk, inntaksdam, vassveg, tilkomstveg, anleggsveg, kraftliner, tipper og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
4. Konesjonssøknaden må ha særleg grundig omtale av verneverdiar og verknader for desse.
5. I område der utbygging kan føra med seg skade på natur- og artstypar av stor verdi eller område med potensiale for slike, skal det kartleggjast. Den anadrome fiskebestanden i Etnevassdraget skal ha særleg høg prioritet.
6. Grundige vurderingar av konsekvensane for landskap og friluftsliv må vera ein del av søknaden.
7. Avbøtande tiltak i høve til fisk, landskap og friluftsliv skal vurderast. Om det ikkje kjem i konflikt med kulturminne, skal vassveg, stasjonsbygningar og kraftliner som går ut av bruk, fjernast.
8. Konesjonssøknad skal innehalda fotoillustrasjon som viser nærverknad og fjernverknad av inngrep med varierende vassføring.
9. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfylling av undersøkingsplikta etter kulturminnelova. Felles synfaring og eventuelle pålegg om arkeologiske undersøkingar må vera oppfylte innan fylkeskommunen tar stilling til saka.
10. Som del av søknadsprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.

Gudrun Mathisen  
seksjonsleiar

Jan Nordø  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Gudrun Mathisen